



Sentrale personar bak boka Kvinnheradsbunaden - ei kulturhistorisk reise. F.v: Bjarne Øymyr, Grethe Brundtland, Ingunn Eikeland, Inger Berge Eik, Åslaug Snilstveit, Kari Fedt Haugsbakk, Esther Falk og Lars Børge Sæberg.

Det var uvanlag godt frammøte til Omvikdalen Bygdekvinnelag si boklansering i Biblioteket i går kveld. Boka Kvinnheradsbunaden er ei kulturhistorisk reise og eit praktverk som dokumenterer den lokale klesdrakta frå folkedrakt til bunad. Boknemnda kan syna til to årsverk og fem års arbeid frå tanken kom opp til ferdig bok.

Inspirasjonen kom frå Magnhild Guddal Soldal si hovudoppgåve om kvinnersbunaden frå 1962. Seinare har det kome til ulike registreringar, særoppgåver, samarbeid med museum og private ressurspersonar, alt til god nytte i arbeidet med dokumentasjon og det å få fram kunnskap om ein bunad med mange variasjonar og stort mangfald.

For mange i Uskedalen vil boka vera interessann. Saima Kristine Lomheim Døssland er fotomodell. Ho står mellom anna fram med kvithua og forkleet sydd i dobbel uttrekkssaum. På eit av bileta har Saima på laskatrøya.



Saima Kristine Lomheim Døssland frå Uskedalen (t.v) er ein av mange fotomodellar. Her er ho saman med konfirmantane i boka. Av informantar frå Uskedalen finn vi Marit Langballe, Gudrun Døssland og Jørn Øyrehagen Sunde. Gullsmed Atle Fredheim si avstøyping av klebersteinsform, funnen frå dyrking på Døssland, er omtalt i boka. Av denne forma vert det i dag laga bundadssylv som spenne og bunads- og halsknappar. Klebersteinen i originalform er i samlinga på Bygdetunet Rød.

Frå den historiske delen finn vi bilete av familien Martha J. Myklebust og Hans H. Døssland då dei utvandra til Amerika i 1872, jentene i bygdedrakt med blåhua og mennene i dress.

Boka Kvinnheradbunaden er meir enn i praktbok. Bak i boka på heile 40 sider finn vi mønsterdel til bunadsliv, trøya, laskatrøya, blåhua, kvithua, forkle, underskjørt, vest til gut og herre, lokabrok, skjorte og mykje meir. Det er innføring i korleis ein lagar sokkaband, strikkehua og bunadssokkar.

Teksten er skriven av Kari Fedt Haugsbakk. Åslaug Snilstveit er formgjevar. Med seg på foto har ho mannen Bjarne Øymyr. I tillegg til desse er Grethe Brundtland, Inger Berge Eik, Marita Handegard, Esther Falk, Ingunn Eikeland og Else Miljeteig med i boknemnda. Boka er komen ut på Kapabel Forlag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal
Foto frå boka: Bjarne Øymyr



I den finaste stasen før avreise til Amerika i 1872. Familien Martha J. Myklebust og Hans H. Døssland